



Bakgrunn for innkalling til ekstraordinært årsmøte Hafslo IL torsdag 24.september 2020

Den 11.02.2016 vedtok årsmøtet i Hafslo IL i sak 11.3 å bidra økonomisk med støtte til utvikling av anlegg for vinteraktivitet ved Sogn Skisenter. Dette inkluderte mellom anna eit økonomisk bidrag til hoppbakkar K10 og K19 med kr.200.000,-. Lenkje til saksutgreiing og protokoll nedanfor:

- Saksutgreiing sak 11.3 årsmøte HIL 11.02.2016: <https://hafslo-il.no/wp-content/uploads/2020/09/Saksutgreiing-og-framlegg-til-vedtak-sak-11.3-%C3%A5rsm%C3%B8te-HIL-11.02.2016-1.pdf>
- Protokoll årsmøte Hafslo IL 11.02.2016: <https://hafslo-il.no/wp-content/uploads/2020/09/Protokoll-%C3%A5rsm%C3%B8te-HIL-11.02.2016.pdf>

På årsmøtet for 2018 den 07.02.2019, vart det vedteke ny anleggsplan for Hafslo IL 2019-2022, der utvikling av anlegga for vinteridrett ved Sogn Skisenter, inkludert hoppbakkar K10 og K19, ligg inne som første prioritet i komande periode. Lenkje til anleggsplan 2019-2022 nedanfor:

- Anleggsplan HIL 2019-2022: <https://hafslo-il.no/wp-content/uploads/2020/09/HIL-ANLEGGSPLAN-2019-2022-endeleg-m.-endringar-etter-%C3%A5rsm%C3%B8te-07.02.2019.pdf>

Anlegga ligg også inne som anlegg i kommunal plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv i Luster kommune 2020 – 2032, der både K10 og K19 med tilhøyrande fasilitetar (lysanlegg og skitau) ligg inne som prioriterte nærmiljøanlegg for spelemiddelgodkjenning i 2021 i handlingsplanen for 2020-2023. Lenkje til handlingsplan for 2020-2023 i Luster kommune finn de nedanfor:

Handlingsplan 2020-2023:

<http://www.luster.kommune.no/getfile.php/4715624.1686.tzsjiwbwuiuuu/20+Handlingsplan+2021+-+2023+n%C3%A6rmiljanlegg+pr+01.07.20.pdf>

Reguleringsprosessen ved Sogn Skisenter har teke tid, men reguleringsplanen er no endeleg vedteken. Det betyr at ein no er i posisjon til å sende inn spelemiddelsøknad for hoppbakkar K10 og K19 med tilhøyrande fasilitetar med frist 1.oktober 2020.

Anlegga for hopp K10 og K19 var opprinneleg tenkt plassert i tilknytning til Banktrekket. I den vedteke reguleringsplanen er anlegga no plassert eit stykke unna, og det har oppstått eit behov for å få på plass skitau i tilknytning til hoppbakkane. Skitau var ikkje med i saksframlegget og finansieringsvedtaket som vart vedteke på årsmøtet i 2016, grunna den tenkte plasseringa i nærleiken av Banktrekket. Også lysanlegget er vorte noko dyrare pga den endra plasseringa. Både skitau og lysanlegg er naudsynte fasilitetar til K10 og K19. Då dette er nærmiljøanlegg, er det gunstig å få med begge fasilitetane i samband med innsending av spelemiddelsøknad for K10 og K19. Nærmiljøanlegg kan gje 50 % refusjon frå spelemiddelordninga.

Eit anna moment som har dukka opp i samband med arbeidet med spelemiddelsøknad for hopp K10 og K19, er kven som skal stå som søker for anlegga. I gjeldande anleggsplan for 2019-2022 som vart vedteken på årsmøtet 7.februar 2019, er det føresett at Sogn Skisenter skal stå som søker for anlegga. Lenkje til anleggsplan for Hafslø IL 2019-2022: <https://hafslø-il.no/wp-content/uploads/2020/09/HIL-ANLEGGSPPLAN-2019-2022-endeleg-m.-endringar-etter-%C3%A5rsm%C3%B8te-07.02.2019.pdf>

Det viser seg no i ettertid at Sogn Skisenter som søker ikkje vil kunne krevje momskompensasjon, og då vil det vere betydeleg meir økonomisk gunstig at Hafslø IL står som søker. Som søker vil Hafslø IL få refundert eit betydeleg beløp i momskompensasjon etter at anlegga er ferdigstilt.

Det er også ein føresetnad for å kunne sende inn spelemiddelsøknad, at det vert inngått ei driftsavtale for K10 og K19 med tilhøyrande fasilitetar mellom Hafslø IL og Sogn Skisenter.

Oppsummert betyr dette at Hafslø Idrettslag treng årsmøtevedtak på punkta nedanfor, for å kunne sende inn spelemiddelsøknad for hopp K10 og K19 med skitau og lysanlegg ved Sogn Skisenter, jf. gjeldande anleggsplan for 2019-2022:

- Endre gjeldande anleggsplan for 2019-2022, der Hafslø IL står som søker om spelemidlar for anlegga K10 og K19 med tilhøyrande fasilitetar ved Sogn Skisenter.
- Gjere vedtak om tilleggsfinansiering som følgje av auka kostnader ved endra plassering av anlegga. Dette gjeld primært ekstra kostnader til skitau og lysanlegg, jf. oppdatert kostnadsoverslag. Tilleggsfinansiering utgjer kr.100.000,-.
- Godkjenne driftsavtale mellom Hafslø Idrettslag og Sogn Skisenter for anlegga K10 og K19 med tilhøyrande fasilitetar.

På utvida styremøte i Hafslø IL måndag 31.august 2020, informerte Jon Ove Lomheim (styremedlem i Sogn Skisenter og driftsansvarleg i hoppgruppa), om status for anlegga, endeleg plassering av desse og la fram utkast ein revidert finansieringsplan for K10, K19, skitau og lysanlegg i tilknytning til hoppbakkane.

Punkta ovanfor må vedtakast på eit årsmøte i Hafslø IL. Fristen for innsending av søknad om spelemidlar er 1.oktober 2020, slik at eventuelle vedtak må skje på eit ekstraordinært årsmøte.

Lov for Hafslø idrettslag § 18 regulerer ekstraordinært årsmøte. Her står følgjande:

(1) Ekstraordinært årsmøte i idrettslaget blir kalla inn av styret i idrettslaget med ein frist på minst 2 veker etter

a) vedtak av styret i idrettslaget,

b) vedtak av styre eller årsmøte/ting i overordna organisasjonsledd, eller

c) skriftleg krav frå 1/4 eller 50 av dei røysteføre medlemmene i idrettslaget.

(2) Saklista og andre naudsynte dokument skal leggjast ved innkallinga eller vere gjorde tilgjengelege på forsvarleg måte, og dette skal gå fram av innkallinga.

(3) Ekstraordinært årsmøte er vedtaksført dersom det møter minst like mange røysteføre medlemmer som det er medlemmer av styret etter denne lova. Dersom det ekstraordinære årsmøtet ikkje er vedtaksført, kan det kallast inn til årsmøte på nytt utan krav til minimumsdeltaking.

(4) Ekstraordinært årsmøte i idrettslaget skal berre handsame dei sakene som er med i vedtaket eller i kravet/krava om innkalling av det ekstraordinære årsmøtet.

(5) Ved innkalling i strid med regelen avgjer det ekstraordinære årsmøtet høvesvis under godkjenning av innkallinga og godkjenning av saklista om det ekstraordinære årsmøtet er lovleg innkalla, og om det er saker som ikkje kan handsamast.

I etterkant av det utvida styremøtet 31.08.2020, har styret i Hafslø IL gjort følgjande vedtak 09.09.2020:

Styret i Hafslø IL vedtek å kalle inn til ekstraordinært årsmøte torsdag 24.september 2020 for å handsame følgjande saker:

- ***Endre gjeldande anleggsplan for 2019-2022, der Hafslø IL står som søker om spelemidlar for anlegga K10 og K19 med tilhøyrande fasilitetar ved Sogn Skisenter.***
- ***Gjere vedtak om tilleggsfinansiering som følgje av endra plassering av anlegga. Dette gjeld primært ekstra kostnader til skitau og lysanlegg, jf. oppdatert kostnadsoverslag. Tilleggsfinansieringa utgjer kr.100.000,-***
- ***Godkjenne driftsavtale mellom Hafslø IL og Sogn Skisenter for hoppanlegga K10 og K19 med tilhøyrande fasilitetar i gjeldande reguleringsplan***

På grunnlag av det ovanneemde, vert det sendt ut innkalling til ekstraordinært årsmøte torsdag 24.september 2020 kl.20 på Eikum Hotell. Innkalling, sakliste og naudsynte dokument vert lagt ut på heimesida til Hafslø Idrettslag og på Facebook-sida til Hafslø IL torsdag 14.september 2020.

Hafslø 09.09.2020

Styret i Hafslø IL

